Formalia

ANT1500 - Antikken gjennom tidene
Våren 2023
Onsdag 10. mai (4 timer)

Eksamensoppgåva er på norsk, men du kan svare på norsk, eit anna skandinavisk språk eller engelsk. For val av målform (bokmål/nynorsk): Bruk menyen oppe i høgre hjørne.

Ingen hjelpemiddel er tillatt.

I del 1 (spørsmål 1-23) skal du svare på alle spørsmåla.

I del 2 (oppgåve 24) skal du velje to (2) av oppgåvene. Hugs å markere tydeleg kva for nokre oppgåver du har valt.

Det er autolagring kvart 15. sekund. Du kan når som helst navigere mellom dei ulike oppgåvene, men du må svare på kvar oppgåve under rett oppgåvenummer. Etter å ha starta prøva, ser du di gjenværande tid oppe til venstre.

1 Spørsmål 1

Kva er eit *scriptorium*?

Vel eitt alternativ

- Ein type pergament som blei nytta til å skrive på i antikken
- Ein teknikk for å trykke bøker med løse typar
- Ein plass der ein skreiv over tekstar
- Ein type latinsk skrift

Maks poeng: 1

2 Spørsmål 2

Ranger desse sentra for klassisk lærdom kronologisk:

Firenze
Toledo
Athen
Paris
Bagdad
Aleksandria

Skriv svaret ditt her...

Maks poeng: 0

3 Spørsmål 3

Ranger følgjande hendinger i riktig kronologisk rekkefølgje:

Kodeksen ‘Vergilius Vaticanus’ blei kopiert
Klosteret i Monte Cassino blei grunnlagt
Biblioteket i Aleksandria blei oppretta

Skriv svaret ditt her...

Maks poeng: 0

4 Spørsmål 4

Hieronymus omsette Bibelen frå hebraisk til gresk.

Vel eitt alternativ

- Sant
- Usant

Maks poeng: 1

5 Spørsmål 5

Asinius Pollio grunnla det første offentlege biblioteket i Roma.

Vel eitt alternativ

- Sant
- Usant

Maks poeng: 1

6 Spørsmål 6

Fulvio Orsini var ein antikvar.

Vel eitt alternativ

- Usant
- Sant

Maks poeng: 1

7 Spørsmål 7

Collegium Trilingue i Leuven blei oppretta før Collège Royal i Paris.

Vel eitt alternativ

- Sant
- Usant

Maks poeng: 1

8 Spørsmål 8

Richard Bentley og Jean Mabillon var samtidige.

Vel eitt alternativ

- Usant
- Sant

Maks poeng: 1

9 Spørsmål 9

Francesco Petrarca var den første humanisten som kunne lese dikta til Homer på gresk

Vel eitt alternativ

- Sant
- Usant

Maks poeng: 1

10 Spørsmål 10

Johann Joachim Winckelmann utvikla den sokalla ‘stemmatiske metoden’ i klassisk tekstkritikk.

Vel eitt alternativ

- Usant
- Sant

Maks poeng: 1

11 Spørsmål 11

Ei *editio princeps* er det eldste eksisterande manuskriptet av ein klassisk forfattar.

Vel eitt alternativ

- Sant
- Usant

Maks poeng: 1

12 Spørsmål 12

Knyt rett person saman med rett tema

	Homer-utgave	Latinsk grammatikk	Genealogisk metode	Poetikken	Vivarium-klosteret	Oversette fra gres
Cassiodorus	○	○	○	○	○	○
Johannes Gutenberg	○	○	○	○	○	○
Varro	○	○	○	○	○	○
Antimakos	○	○	○	○	○	○
Lachmann	○	○	○	○	○	○
Aristoteles	○	○	○	○	○	○
Wilhelm av Moerbeke	○	○	○	○	○	○

Maks poeng: 7

13 Spørsmål 13

Kva tyder *bustrofedon*?

Vel eitt alternativ

- Ein maleteknikk brukt av blant andre Michelangelo
- Eit symbol brukt i hellenistiske utgåver for å vise taleskifte i dialogar
- Ein skrivemåte som går mot høgre og venstre annankvar linje
- Avskrift av eit bevart manuskript

Maks poeng: 1

14 Spørsmål 14

Kva er eit palimpsest?

Vel eitt alternativ

- Ei bok som er skriven på papyrus
- Ein type skrivestil som blei brukt i det antikke Hellas for å skrive på steintavler
- Eit manuskript der det opprinnelege skriftlaget er fjerna og overskrive med ny tekst
- Ei trykkpresse som blei brukt i antikken for å lage fleire kopiar av ei bok

Maks poeng: 1

15 Spørsmål 15

Kva er *scriptio continua*?

Vel eitt alternativ

- Ein skrivestil som nyttar samanhengande ord utan mellomrom eller teiknsetjing
- Ein teknikk for å skrive med kull på papyrus.
- Ein metode for å lage bøker ved å rulle saman ein lang papyrusstrimmel
- Ein metode for å lage kopiar av manuskript ved hjelp av ei trykkpresse

Maks poeng: 1

16 Spørsmål 16

Fire av dei åtte kunstartane under høyrer til blant dei sju *artes liberales*. Kryss av for desse fire.

Vel eitt eller fleire alternativ

- [ ] Logikk
- [ ] Poesi
- [ ] Retorikk
- [ ] Historie
- [ ] Grammatikk
- [ ] Kalligrafi
- [ ] Astronomi
- [ ] Gymnastikk

Maks poeng: 4

17 Spørsmål 17

Kven av desse jobba IKKJE med greske manuskript?

Vel eitt alternativ

- Lovato Lovati
- Wilhelm av Moerbeke
- Angelo Poliziano
- Giovanni Aurispa

Maks poeng: 1

18 Spørsmål 18

Hva er *scholia*?

Vel eitt alternativ

- Kommentarar eller notat skrivne i margen eller mellom linjene i ein tekst
- Ein teknikk for å produsere bøker ved hjelp av ei rulle og ein penn
- Ei form for dekorativ skrift nytta i det antikke Hellas og Roma
- Ein type papyrus som blei nytta til å skrive på i antikken

Maks poeng: 1

19 Spørsmål 19

Angi dei italienske humanistane på 1400-talet i følgjande liste (Hint: det er tre av dei. Obs: du får minuspoeng for galne svar):

Vel eitt eller fleire alternativ

- [ ] Angelo Poliziano
- [ ] Poggio Bracciolini
- [ ] Lorenzo Valla
- [ ] Isidor av Sevilla
- [ ] James av Venezia
- [ ] Albertino Mussato

Maks poeng: 3

20 Spørsmål 20

Ranger dei følgjande hendingane i rett kronologisk rekkjefølgje:

Utgravingane av Pompeii tok til
Gamalgresk byrja igjen å bli kjend i Italia
Den første boka blei trykka i Europa

Skriv svaret ditt her...

Maks poeng: 0

21 Spørsmål 21

Ranger dei følgjande hendingane i rett kronologisk rekkjefølgje:

Petrarca skreiv *Africa*
Den ottonske renessanse
Den karolingiske renessanse

Skriv svaret ditt her...

Maks poeng: 0

22 Spørsmål 22

Knyt rett person til rett stadsnamn:

	Firenze	Aachen	Roma	Padua	Aleksandria	Antwerpen	Bysants
Manuel Chrysoloras	○	○	○	○	○	○	○
Coluccio Salutati	○	○	○	○	○	○	○
Marcus Terentius Varro	○	○	○	○	○	○	○
Albertino Mussato	○	○	○	○	○	○	○
Aldus Manutius	○	○	○	○	○	○	○
Christophe Plantin	○	○	○	○	○	○	○
Aristarkhos fra Samos	○	○	○	○	○	○	○
Alkuin av York	○	○	○	○	○	○	○
Joseph Justus Scaliger	○	○	○	○	○	○	○

Maks poeng: 0

23 Spørsmål 23

Knyt kvar person til det stikkordet som passar:

	Paleografi	Lucretius-utgåve	Omsetjingar frå gresk i Bagdad	Viktige manuskriptfunn	Gresk skulptur	D karo renes
Alkuin av York	○	○	○	○	○	
Poggio Bracciolini	○	○	○	○	○	
Hunain ibn Ishaq	○	○	○	○	○	
Erasmus av Rotterdam	○	○	○	○	○	
Bernard de Montfaucon	○	○	○	○	○	
Karl Lachmann	○	○	○	○	○	
Johann Winckelmann	○	○	○	○	○	
Johannes Gutenberg	○	○	○	○	○	
Guillaume Budé	○	○	○	○	○	

Maks poeng: 9

24 Langsvarsoppgaver / langsvarsoppgåver

Du skal svare på to (2) av dei sju oppgåvene i dokumentet til venstre. Hugs å skrive nummeret på dei oppgåvene du vel.

Skriv svaret ditt her...

Format

Words: 0

Maks poeng: 0

Question 24
Attached



Langsvarsoppgåver

Du skal svare på to (2) av oppgåvene under.

Kvart av svara skal vere på mellom 700 og 1000 ord.

Hugs å oppgi tydeleg nummeret på dei to (2) oppgåvene du svarar på.

Oppgåve 1: Resepsjon og tradisjon

I grunnboka *Classics: From Papyrus to the Internet* skriv forfattarane følgjande om antikkresepsjon: *«Reception is ... the most important factor in the preservation of the textual tradition, what we might call the transmission of a text»* (s. 85).

- Forklar og drøft skilnaden mellom omgrepa «resepsjon» og «tradisjon» med utgangspunkt i denne påstanden.
- Trekk inn minst to historiske døme som du presenterer og analyserer med tanke på påstanden over.
- Døma kan vere henta frå pensum og/eller førelesningane, men må ikkje vere det.
- Minst eitt døme må kome frå biletkunst eller arkitektur!

Oppgåve 2: Homers resepsjon av Lukian

Lukian av Samosata, *True Stories* 2.32 (engelsk omsetjing):

"I am going to talk about the town first, because no one has ever written about it except Homer, and what he says is not very accurate. (…) Around the town runs a high wall all the colours of the rainbow. There are, however, four gates, not two as Homer says: two facing Dozy Moor, one of iron and one of earthenware—these were the gates through which frightening and murderous and grim dreams were said to leave; and two facing the harbour and the sea, one of horn and the other, the one which we had come through, of ivory."

Passasjen som Lukian refererer til i utdraget (introdusert med "as Homer says"), er skildringa av portane til draumane i *Odysseen* 19.550ff. (Penelopeia, Odysseus kone, snakkar):

> Atter Tok Penelopeia, den kløktige dronning, til orde:
> «Fremmede! Drømmer er tidt noget tøv og har intet at sige,
> og for et menneske vorder ei alt hvad de varsler ham, fuldbragt.
> Flygtige drømme gaar ut gjennem tvende forskjellige porte.
> En er av horn, men den anden av skinnende elfenben bygget.

Alle de drømme som kommer og gaar gjennem elfenbensporten,
bringer os skuffende haab og løfter som aldrig blir opfyldt.
Men naar det hænder at drømme gaar ut av den skinnende hornport,
fuldbragt vorder da visselig alt hvad et menneske drømte.
Dog, jeg kan ikke tro at drømmen kom ut gjennem denne,
skjønt det for mig og min søn vilde varsle den høieste glæde.

(a) Presenter kort *Sanne Fortellinger* av Lukian. Du skal nemne kva for eit hundreår verket blei skrive i, presentere handlinga i korte trekk, nemne kven som er forteljaren og kva for ei rolle han (eller ho) har i handlinga, og nemne dei viktigaste fasane (/episodane) i handlinga.
(b) Kva for ein episode kjem passasjen over frå? Kva skjer?
(c) Passasjen som Lukian refererer til i utdraget (introdusert med "as Homer says"), er skildringa av portane til draumane i Homers *Odysseen* 19.550ff. På kva for ein måte måte (/kva for nokre måtar) forheld *Sanne Fortellinger* av Lukian seg til diktinga til Homer i denne passasjen? Er det representativt for engasjementet frå Lukian overfor diktinga til Homer i verket elles?

Oppgåve 3: Tony Harrisons *The Trackers of Oxyrrhynchus*

Tony Harrison, *The Trackers of Oxyrrhynchus*, ss. 8-9: "The essential catholicity of Greek drama, the unity of tragedy and satyr play, has been betrayed into divided and divisive categories, 'high' and 'low'. The Byzantine compilers helped to initiate this process by choosing only a few representative tragedies for study."

(a) Handlinga i stykket av Tony Harrison utspel seg i to tidsperiodar: I perioden da Bernard Grenfell og Arthur Hunt grov ut papyri i landsbyen Oxyrrhynchos (Behnasa) i Egypt (1897-1912) og i ei mytologisk fortid da guden Hermes stal kyrne til Apollon (som det blir framstilt i satyrdramaet "Sporhundene" av Sofokles). Korleis presenterer Tony Harrison spenninga mellom høge og låge kunstformer i kvar av desse tidsperiodane, og korleis forbind han dei i sitt eige stykke?
(b) Med tanke på det du har lest og høyrd om overleveringa av den antikke litteraturen, synes du at utsegna "The Byzantine compilers helped to initiate this process by choosing only a few representative tragedies for study" er velgrunna? Kvifor / kvifor ikkje?

Oppgåve 4: Ibsens *Catilina*

«Mangt og meget, hvorom min senere digtning har drejet sig, - modsigelsen mellem evne og higen, mellem vilje og mulighed, menneskehedens og individets tragedie og komedie på engang; - kommer allerede her frem i tågede antydninger …», skriv Ibsen i forordet til den andre utgåva av Catilina.

Gjer kort greie for korleis typiske «ibsenske tematikkar» utspel seg i dramaet, og korleis dei forheld seg til antikken. Presenter kort *Catilina* av Ibsen i svaret ditt. Det er forventa at du nemner når verket blei skrive, og at du presenterer handlinga i korte trekk og nemner dei viktigaste fasane (/episodane) i handlinga.

Oppgåve 5: Antikkresepsjon i Roma i høgmellomalderen

Drøft følgjande spørsmål: (1) Korleis blei Konstantins donasjon brukt i mellomalderen, og (2) korleis kan vi forstå denne bruken som døme på antikkresepsjon? Det er forventa at du gir historisk bakgrunnsinformasjon om Konstantin og donasjonen hans, og forklarer omgrepet 'antikkresepsjon' i svaret ditt.

Oppgåve 6: Manuel Chrysoloras i Firenze

I memoarane sine skreiv den italienske humanisten Leonardo Bruni følgjande om den dagen då Manuel Chrysoloras kom til Firenze i 1397: «Da Manuel dukket opp i Firenze, tok tvilen tak i meg: Jeg syntes det var upassende å oppgi mine jusstudier, men også nesten kriminelt å gå glipp av denne gylne muligheten til å lære gresk. Med ungdommelig begeistring sa jeg til meg selv mer enn én gang: 'Gir du opp nå? Skal du gå glipp av denne muligheten? At du akkurat nå kan studere Homer, Platon, Demostenes og andre diktere, filosofer og talere, som du har hørt så mye godt og fantastisk om? At du akkurat nå kan samtale med dem og tilegne deg deres fabelaktige kunnskap? Takker du nei til denne gaven fra Gud?'»

Diskuter Chrysoloras' betydning for gjenoppblomstringa av interessa for gammelgresk språk og litteratur i renessansen. Trekk inn følgjande moment i svaret ditt:

- Kven var Manuel Chrysoloras?

- Grei ut om korleis Chrysoloras bidrog til å endre kunnskapen om gresk språk og litteratur i Italia. Nemn minst to område der innverknaden hans var særleg viktig.
- Samanlikn den aukande greskkunnskapen blant humanistane med situasjonen i mellomalderen. Kva var de viktigaste skilnadene mellom desse to periodane når det gjeld kunnskap om gresk språk og litteratur?
- Gjer kort greie for korleis kunnskap om gresk språk og litteratur verka inn på europeisk kultur i renessansen.
- Det er forventa at du nemner relevante historiske hendingar og personar i svaret ditt.

Spørsmål 7: Kunsten i renessansen

Drøft følgjande spørsmål: Kva er bronsedørene på baptisteriet (dåpskapellet) til katedralen i Firenze mest kjent for? Kva legg vi i omgrepet «renessansen»? Gje nokre døme frå maleri og/eller arkitektur som kastar lys over kva for eit forhold renessansen hadde til antikken.